

NVE

Innsendt dato: 31.05.2014

Referansenummer: YZAUFE

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201301017
Sakstittel	Koldalsfossen kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Ingunn Nedreberg
Telefon	98460707
Adresse	Osebakken
Postnr	5640
Poststad	Eikelandsosen
E-post	ingunned@online.no

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Eg er nabo til Koldalsfossen, og eg ber innstendig om at fossen og området ovanfor får vere i fred. Fossen er det finaste varemerke vi har her i bygda. Ved vår tomt har vi hogge ned skog nettopp for å få sjå og høyre mest mogeleg av fossen. Mange likar å gå tur inntil fossen, for rekreasjon, og området rundt fossefallet er også nytta til badeplass. Amerikanarar vi har hatt på besøk her, har fått bakoversveis og blitt overvelda av synet dei fekk av fossen som brusar som eit kvitt brudeslør leke nedafor hagen vår, midt i ei lita bygd. Slikt hadde dei ikkje sett i USA! Det er ei skam at det er turistar som må fortelle oss kva verdiar vi har her hos oss. Koldalsfossen er for bygdingane så kjær at vi kvar 17.mai syng i songen om Eikelandsfjorden at han aldri har stått still. Det som ofte har undra meg når eg har gått tur i det fantastisk idylliske området ved og over fossen, er at området ikkje er verna, og at fossen ikkje er bedre synleggjort. difor var mi mistru stor då eg høyrde om planane ang kraftverk. For all del, la ingen få lov til å tukle med det finaste og mest unike kulturlandskapet vi har i bygda vår!
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	